# Referat kommunedirektørutval 080925

| | |
|---|---|
| Møtestad: | Formannskapssalen, Evjemoen |
| Møtetidspunkt: | 8. september kl. 10:00 – 14:00 |
| Desse møter: | Karina, Vidar, Simon, Frantz og Kåre Einar. Kåre Einar forlot møtet kl 1250. |
| Meldt forfall: | |

| Nr | Sak: | Merknader: |
|---|---|---|
| 1 | Kosthold for livet – godkjenning av mandat og kort status.<br><br>Gjennomgang av prosjektorganisering og prosjektmandat. Spørsmålsrunde og dialog. Presentasjonen vert lagt i teams-området<br><br>**Konklusjon:** Vert sett opp på neste møte. Prosjektleiaren og leiar LMT orienterer i leiargruppene i kommunane. | Ellen Benum og Marion Maxine Brodin frå LMT deltok. |
| 2 | Ledig engasjement som KS nettverksressurs e-helse med 50 % frikjøp fra Digi Agder/KS.<br><br>Gjennomgang av bakgrunn for saka, og strukturen i nettverket.<br><br>Agder har totalt 4 slike ressursar pr. i dag frå Østre Agder, Kristiansand og Lister. Setesdal manglar. Ønskjeleg med frikjøp frå og med 1. november 2025.<br><br>**Konklusjon:** Marco/Astrid sender over ein kort teaser. Kommunedirektørane avklarar om det er aktuelle kandidatar i eiga organisasjon, og melder tilbake til Astrid/Marco. | Astrid Louise Andersen deltok. I tillegg deltok Marco Cattini på teams. |
| 3 | Interkommunalt samarbeid – orientering frå Listerregionen og deira erfaringar i arbeidet så langt<br><br>Orientering, dialog og spørsmålsrunde.<br><br>Utfordringane er – og blir – tre forhold: organisering, finansieringsnøkkel og arbeidsplassar.<br><br>Avtaleutkast vert ettersendt og lagt ut i Teams-området | Jens-Arild Johannessen deltok på teams |
| 4 | Vidare arbeid med NIVI rapporten/grunnavtale<br><br>Dialog kring saka.<br><br>**Konklusjon:** semje om å utarbeide utkast til grunnavtale. Utkast frå Jens Arild vert lagt ut i teams-området. Kommunedirektørane kommenterer i dokumentet. Karina avklarar om intern ressurs i Bykle kan utarbeide forslag. Utkast vert sendt ut før neste møte i kommunedirektørutvalet. | |
| 5 | Høyring om skulestruktur i vidaregåande skule | |

| | | |
|---|---|---|
| | Dialog og gjensidig orientering. | |
| **6** | Status arbeidet med interkommunalt samarbeid knytta til spredt avløp.<br><br>Gjennomgang av bakgrunn og forslag til framdriftsplan. Spørsmålsrunde og dialog om vegen vidare. Punkt til avklaring identifiserte.<br>**Konklusjon:** Etter at arbeidsgruppa har arbeidd med tilbakemeldingane, vert saka sett opp på nytt i utvalet. | Trude Engesland deltok. |
| **7** | Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til planprogram for regional plan for grøn industri og energi<br><br>Dialog og gjensidig orientering. | |
| **8** | Rapport brann – kostnadsfordeling<br><br>Saka vert utsett til neste møte. Rapporten vert lagt ut i teams-området til gjennomlesing før neste møte. | Utsatt |
| **9** | Prinsipp for refusjon av løn for deltaking på politiske møter<br><br>**Konklusjon:** ingen endring i denne valperioden. | |
| **10** | Status strategiprosess regionrådet<br><br>Strategi handsama i juni. Ad-hocutvalet er ferdig med arbeidet sitt, og det kjem eiga sak til styrehandsaming.<br><br>Førre gong samarbeidsavtalen vart handsama, vart det teke inn eit eige avsnitt om funksjonen til kommunedirektørutvalet. Kommunedirektørane vurderer om teksten framleis står seg, eller om han bør endrast.<br><br>Dialog kring brev frå ordførarane i Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes vedrørande kontingent, samt korleis prosessen ved endring av kontingent er regulert i samarbeidsavtalen. | |
| **11** | Samsnakk status i kvar enkelt kommune.<br><br>Gjensidig informasjonsutveksling og spørsmålsrunde. | |
| **12** | Orientering frå representant KDU. Frantz orienterer om aktuelle saker.<br><br>Orienteringa vart utsett grunna tidsnød. | Utsatt |
| **13** | Eventuelt<br><br>• Møtet 17. November går ut grunna eigarmøte/dialogmøte med Setesdal brannvesen IKS. Ny dato? Ikkje avklart. | Utsatt |